

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval – Eid kommune

Utval: Kontrollutval - Eid kommune
Møtedato: 12.06.2014
Møtetid: 10.00
Stad: Bryggen hotell
Møtenr.: 3/2014

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sakene 23 og 25-33/14, økonomisjef og revisor sakene 26-33/14.
Melding til: Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 97170064 / 57612785, eller på e-post: arva@sekom.no.

SAKLISTE

- 21/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 22/14 Skriv og meldingar.
- 23/14 Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet i Eid. **NB! Ber rådmannen førebur opplæring i starten av møtet**
- 24/14 Orientering – protokollar utval/styre i Eid kommune.
- 25/14 Masseuttak Eid kommune.
- 26/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4335 Bjørhovdevegen.
- 27/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4349 Veg/bru Stårheim kyrkje
- 28/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4350 Komm.delplan veg 2012+2013
- 29/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4464 Psykiatribustader Høgebakkane
- 30/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4466 Ny kommunal barnehage 2008
- 31/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4469 Haugen skule - utbygging
- 32/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4507 Eidskata parsell 4 og 5
- 33/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4714 Rassikring prestemarka
- 34/14 Oppfølgingsliste 3-2014 Eid
- 35/14 Eventuelt

Nordfjordeid, 5.6.2014

Roy Andre Høyenes Bruvoll (s)
Leiar


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

21/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

<i>SEKOM-sekretariat</i>

Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme
-----------------------	------------------------

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	21/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

22/14 SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	22/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 05-14: Møtebok frå sak 047/14 Referatsaker, Fråsegner frå kontrollutvalet, handsama i kommunestyret 08.05.2014.
- SM 06-14: Møtebok frå sak 050/14 Rekneskap 2013 – Eid kommune, handsama i kommunestyret 08.05.2014.
- SM 07-14: Møtebok frå sak 053/14 Rekneskap Eid Fjordvarme KF 2013, handsama i kommunestyret 08.05.2014.
- SM 08-14: Møtebok frå sak 055/14 Rekneskap Eid Industrihus KF 2013, handsama i kommunestyret 08.05.2014.
- SM 08-14: Møtebok frå sak 064/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Eid kommune, handsama i kommunestyret 08.05.2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet vurderer om det er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, eller om det skal gjevast ein kommentar til det enkelte skriv. Viss ikkje vert skriv og meldingar teke til orientering.

SM 05-14

EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	08.05.2014	047/14	AMS

Avgjerd av: Saksansv.: Anne Marie Sandvik	Arkiv: Namn-, Namn- Objekt:	Arkivsaknr 14/844
--	-----------------------------------	----------------------

REFERATSAKER

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	14/5308	I	28.04.2014	Kontrollutvalet i Eid	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Eid Industrihus KF
2	14/5309	I	28.04.2014	Kontrollutvalet i Eid	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Eid Fjordvarme KF
3	14/5310	I	28.04.2014	Kontrollutvalet i Eid	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Eid kommune
4	14/5312	U	28.04.2014	Medlemmane i ungdomsrådet	Eid Ungdomsråd referat møte 28.04.14
5	14/5324	I	28.04.2014	SEKOM-sekretariatet	Referat frå møtet i kontrollutvalet 28.04.2014
6	14/5516	I	06.05.2014	Vigdis Heimdal Reksnes	Appell frå 1. mai frukost av Eid SV.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Refererte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

08.05.2014 KOMMUNESTYRET

KS-047/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Refererte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre..

SM 06-14



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	30.04.2014	004/14	OST
Formannskapet	30.04.2014	079/14	OST
Kommunestyret	08.05.2014	050/14	OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	13/2128

Rekneskap 2013 - Eid kommune

Prenta vedlegg:

- Rekneskapen til Eid kommune for 2013, inkludert revisjonsmelding datert 09.04.2014.
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2013 (vert lagt fram i finansutvalet og formannskapet sitt møte)

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107
- Forskrift om årsrekneskap og årsmelding – forskrifter med heimel i kommunelova § 48 nr. 6, fastsett 15.12.2000
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar – forskrift med heimel i kommunelova § 77 nr. 11, fastsett 15.06.2004.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3:

"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."

Når det vert lagt fram eit rekneskapsmessig overskot som skal disponerast av kommunestyret, er det ein ryddig måte å setje dette av til disposisjonsfond. Seinare bruk av disposisjonsfondet kjem då opp i eigne utgreidde saker. Det er berre kommunestyret som seinare kan gjere vedtak om bruk av slikt disposisjonsfond.

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksutgreiing:

Rekneskapen er avlagt med eit rekneskapsmessig overskot på kr 2.691.441,67. I dette resultatet ligg det m.a. meiravkastning på kr 6,3 mill frå Aktiv forvaltning i forhold til opprinneleg budsjett for 2013. Den kommunale tenesteytinga (utanom finanspostar) har samla eit overforbruk på kr 2,7 mill. Alt dette er nærare omtalt i årsmeldinga kap. 3.5. I årsmeldinga finn ein også meir utfyllande kommentarar og oppstillingar til rekneskapen for 2013.

Kommunen har pr. 31.12.14 kr 1,9 mill på udisponert disposisjonsfond og kr 11,2 mill på eit rente og avkastningsfond. Det siste er avsetning gjort for å møte svingingar i avkastninga frå Aktiv forvaltning, og spesielt då plasseringane i aksjemarknaden. Hittil i 2014 har formannskapet/kommunestyret gjort vedtak om bruk av midlar frå disposisjonsfondet på til saman kr 530.000,-, som kjem til frådrag i saldoen ovanfor.

Rådmannen tilrår at kr 1,0 mill av det rekneskapsmessige overskotet vert sett av til kommunens rente og avkastningsfond. Resterande beløp på kr 1.691.441,67 vert sett av til kommunens disposisjonsfond.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit overskot på kr 2.691.441,67, vert fastsett som Eid kommune sin årsrekneskap for 2013.
2. Overskotet på kr 2.691.441,67 vert sett av med kr 1.000.000,- til kommunens rente og avkastningsfond, og kr 1.691.441,67 til kommunens disposisjonsfond.

30.04.2014 FINANSUTVALET

FSU-004/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Saka vert teken til orientering.

30.04.2014 FORMANNSKAPET

F-079/14 VEDTAK:

Som tilrådinga. Samrøystes.

08.05.2014 KOMMUNESTYRET

KS-050/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit overskot på kr 2.691.441,67, vert fastsett som Eid kommune sin årsrekneskap for 2013.
2. Overskotet på kr 2.691.441,67 vert sett av med kr 1.000.000,- til kommunens rente og avkastningsfond, og kr 1.691.441,67 til kommunens disposisjonsfond.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	30.04.2014	082/14	OST
Finansutvalet	30.04.2014	007/14	OST
Kommunestyret	08.05.2014	053/14	OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	14/563

Rekneskap Eid Fjordvarme KF 2013 - politisk handsaming

Prenta vedlegg:

- Rekneskap 2013 for Eid Fjordvarme KF, med revisjonsmelding datert 25.03.2014
- Vedtak i styret for Eid Fjordvarme KF sak 005/14
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2013 (vert lagt fram i formannskapet sitt møte)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, av 15.06.2004.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3, jf. forskrift om årsrekneskap kommunale foretak § 16:

"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksutgreiing:

Viser til saksutgreiinga i vedlagt sak 005/14 for Eid Fjordvarme KF og årsmeldinga til selskapet, der det framkjem at driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 871,87 for 2013. Styret har vedteke å setje dette av til selskapet sitt disposisjonsfond. Disposisjonsfondet har etter denne avsettinga ein saldo på kr 1.224,-. Selskapet har fått eit driftstilskot frå Eid kommune på kr 247.000,- i 2013.

Etter ti driftsår i selskapet (2004-2013), er akkumulert driftstilskot frå Eid kommune til Eid Fjordvarme KF på til saman kr 2.981.878,-. Av dette vedtok kommunestyret i 2009 å gje avkall på delen knytt til breiband, kr 218.638,-. Det står då att kr 2.763.240,- som skal betalast tilbake til Eid kommune frå Eid Fjordvarme KF når økonomien i selskapet gjev rom for det.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 871,87, vert fastsett som Eid Fjordvarme KF sin årsrekneskap for 2013.
2. Mindreforbruket på kr 871,87 vert sett av til selskapet sitt eige disposisjonsfond, i samsvar med styret sitt vedtak i sak 005/14.

30.04.2014 FINANSUTVALET

FSU-007/14 VEDTAK:

Saka vert teken til vitande.

30.04.2014 FORMANNSKAPET

Ann-Magritt Hopland Eikås, Sp, Tore Hjelle, H, og Gunvald Ludvigsen, V, ba om å få vurdert gildskap. Dei sit i styret for Eid Fjordvarme KF.
Representantane gjekk i frå under handsaming av gildskap.

Formannskapet kjende representantane ugilde.
Representantane gjekk frå under handsaming av saka.

F-082/14 VEDTAK:

Som tilrådinga. Samrøystes.

08.05.2014 KOMMUNESTYRET

Ann-Magritt Hopland Eikås, Sp og Tore Hjelle, H, ba om å få vurdert gildskap. Dei sit i styret for Eid Fjordvarme KF.
Representantane gjekk i frå under handsaming av gildskap.

Formannskapet kjende representantane ugilde.
Representantane gjekk frå under handsaming av saka.

KS-053/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 871,87, vert fastsett som Eid Fjordvarme KF sin årsrekneskap for 2013.
2. Mindreforbruket på kr 871,87 vert sett av til selskapet sitt eige disposisjonsfond, i samsvar med styret sitt vedtak i sak 005/14.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-



SM 08-14

EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	30.04.2014	084/14	OST
Finansutvalet	30.04.2014	009/14	OST
Kommunestyret	08.05.2014	055/14	OST

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 212	Arkivsaknr
Saksbehandler: Ole Starheim	Objekt:	14/760

Rekneskap Eid Industrihus KF 2013 - politisk handsaming

Prenta vedlegg:

- Rekneskap 2013 for Eid Industrihus KF, med revisjonsmelding datert 15.04.2014
- Vedtak i styret for Eid Industrihus KF sak 009/14
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2013 (vert lagt fram i formannskapet sitt møte)

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107, spesielt kap. 11.
- Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak, av 24.08.2006.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, av 15.06.2004.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3, jf. forskrift om årsrekneskap kommunale foretak § 16:

"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksutgreiing:

Viser til saksutgreiinga i vedlagt sak 009/14 for Eid Industrihus KF og årsmeldinga til selskapet, der det framkjem at driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 490.803,32 for 2013. Styret har vedteke å setje dette av til selskapet sitt disposisjonsfond. Disposisjonsfondet har etter denne avsettinga same saldo som det vedtekne avsette beløpet.

Ekstraordinær generalforsamling i Eid Industrihus AS gjorde 12. desember 2013 vedtak om å dele ut eit tilleggsutbytte på kr 300.000,-. Dette utbyttet er overført direkte frå Eid Industrihus AS til Eid Industrihus KF, men skulle ha vore overført frå Eid Industrihus AS til Eid kommune som er aksjeeigar i AS-et. Eid kommune skulle deretter ha gjort vedtak om å overføre beløpet som tilskot til Eid Industrihus KF.

For å oppnå balanse i drifta framover, vil Eid Industrihus KF vere avhengig av å få overført tilskot frå Eid kommune. Dette vil kommunen kunne finansiere med tilsvarende utbytte frå Eid Industrihus AS.

Ekstraordinær generalforsamling i Eid Industrihus AS har godkjend sal av aksjeposten i Moengården AS til Eid industrihus KF, men kommunestyret har ikkje gjort vedtak om at Eid Industrihus KF skal kjøpe aksjeposten i Moengården AS. Kva for eit selskap (AS, KF eller kommunen) som skal eige aksjeposten i Moengården AS, må avgjerast i 2014.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 490.803,32, vert fastsett som Eid Industrihus KF sin årsrekneskap for 2013.
2. Mindreforbruket på kr 490.803,32 vert sett av til selskapet sitt eige disposisjonsfond, i samsvar med styret sitt vedtak i sak 009/14.

30.04.2014 FINANSUTVALET

FSU-009/14 VEDTAK:

Saka vert teken til vitande.

30.04.2014 FORMANNSKAPET

Gunvald Ludvigsen, V, ba om å få vurdert gildskap. Han sit i styret for Eid Fjordvarme KF. Representanten gjekk i frå under handsaming av gildskap.

Formannskapet kjente representanten ugild.
Representanten gjekk i frå under handsaming av saka.

F-084/14 VEDTAK:

Som tilrådinga. Samrøystes.

08.05.2014 KOMMUNESTYRET

KS-055/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit mindreforbruk på kr 490.803,32, vert fastsett som Eid Industrihus KF sin årsrekneskap for 2013.
2. Mindreforbruket på kr 490.803,32 vert sett av til selskapet sitt eige disposisjonsfond, i samsvar med styret sitt vedtak i sak 009/14.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-



SM 09-14

EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	08.05.2014	064/14	ABJ

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbehandler: Terje Moldestad	Objekt:	14/875

Årsmelding 2013 frå Kontrollutvalet i Eid kommune

Prenta vedlegg:

Årsmelding frå Kontrollutvalet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Godkjenning av Eid kontrollutval si årsmelding for 2013

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Årsmelding 2013 frå Kontrollutvalet i Eid vert godkjent

08.05.2014 KOMMUNESTYRET

KS-064/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Årsmelding 2013 frå Kontrollutvalet i Eid vert godkjent.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-

23/14 Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet i Eid

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	23/14	Ja

Saksvedlegg

E-post datert 29.04.2014 frå SEKOM-sekretariat til Eid kommune, Vedtak i kontrollutvalet 28. april om nettbrett.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Sak 025/14 Nettbrett til medlemne i kontrollutvalet, handsama i kommunestyret 27.03.2014

Sak 06/14 Nettbrett til kontrollutvalet i Eid, handsama i kontrollutvalet 28.01.2014

Sak 19/14 Eventuelt, handsama i kontrollutvalet 28.04.2014

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet har fått utlevert nettbrett og opplæring er gjennomført.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet i Eid

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet ynskjer er å gå over til elektronisk utsending av saksdokument

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 28.01.2014 i sak 06/13 Nettbrett til kontrollutvalet i Eid, vart det gjort følgjande tilråding til kommunestyret:

*Kontrollutvalet får tildelt 3 nettbrett som vert finansiert via disposisjonsfondet.
Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.*

I kommunestyremøte 27.03.2013 sak 025/14 vart kontrollutvalet si tilråding samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 19/14 Eventuelt i møte 28.04.2014:

Kontrollutvalet ynskjer at det vert utdelt nettbrett til dei 2 kontrollutvalsmedlemene som ikkje har fått dette enno, og at det vert gitt opplæring på neste møte 12. juni 2014.

Administrasjonen i Eid kommune har i e-post datert 29.04.2014 blitt informert om at kontrollutvalet ynskjer opplæring i møte 12. juni.

Sekretariatet har sendt innkallinga til Eid kommune, som legg den ut på møteportalen til kontrollutvalsmedlemene. Denne gongen vert det i tillegg sendt i papirformat pr post.

Audhild Ragni Vie Alme

Fra: Alme Audhild Ragni Vie
Sendt: 29. april 2014 14:08
Til: 'Eid kommune (post@eid.kommune.no)'
Kopi: 'Raknes Ørjan Forthun (orjan.raknes.forthun@eid.kommune.no)'; 'Terje Moldestad'
Emne: Vedtak i kontrollutvalet 28. april om nettbrett

Hei,
Kontrollutvalet i Eid gjorde følgjande vedtak i sak 19/14 Eventuelt i møte i går:
Kontrollutvalet ynskjer at det vert utdelt nettbrett til dei 2 kontrollutvalsmedlemene som ikkje har fått dette enno, og at det vert gitt opplæring på neste møte 12. juni 2014.

Viser elles til e-post sendt 16. april til Terje Moldestad med namna på dei 2 som skal ha nettbrett.

Vi vil ta kontakt når det nærmar seg utsending av sakene, om korleis dette skal løysast i praksis. I dei kommunane som er knytt til SYS IKT sender vi direkte til kontrollutvalsmedlemene sine nettbrett, men veit ikkje om de har same løysing.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: arva@sekom.no

Hafstadvegen 42,Pb 338,6802 Førde

24/14 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	24/14	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 77.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

Saksopplysningar:

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling, kulturstyret.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

25/14 MASSEUTTAK EID KOMMUNE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	25/14	Ja

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

Kontrollutvalsakene 048/12, 004/13, 024/13 og 036/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om masseuttak i Eid kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 vart det diskutert kring masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 tok kontrollutvalsleiar kontakt med Sekom sekretariat der det vart bede om å hente inn informasjon om masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 har Sekom sekretariat sendt brev til Eid kommune med følgjande spørsmål om masseuttak i Eid kommune:

1. Kor mange masseuttak er det i Eid kommune som er godkjende av Bergverket?
2. Kven har avtale og kor lenge har dei enkelte av desse avtalar om å ta ut masse? Dette både opp mot grunneigar og kommunen.
3. Kven i kommunen har ansvar for masseuttak, og kven følgjer opp avtalane og planane for dei enkelte masseuttaka?
4. Har kommunen system for å kontrollere at områda for masseuttaka er avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?
5. Er områda for masseuttaka pr i dag avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?

Eid kommune har svart på brevet 30.10.2012.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 27.11.2012. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.*
- *Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.*

På grunnlag av dette vedtaket sendte Sekom sekretariat brev til Eid kommune og bad om nemnte opplysningar. Eid kommune svarte i brev av 03.01.2013. Ved brevet låg oversikt over dei tilsyn som hadde blitt utførde, samt merknader til desse.

Av brevet frå kommunen gjekk det også fram at for Lidastranda, som det var spurt særskilt om, er slik at området er regulert til masseuttak i arealdelen av kommuneplanen, men då med krav om reguleringsplan. Slik reguleringsplan eksisterer ikkje og området er såleis ikkje godkjent som masseuttak av kommunen. Kommunen er heller ikkje kjend med at ein slik reguleringsplan er under utarbeiding. Det vert vist til brevet frå rådmannen for nærare detaljar.

Saka vart handsama i kontrollutvalsmøte 27.02.2013.

I kontrollutvalssak 004/13 Masseuttak Eid kommune gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.*
- *Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar.*
- *Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.*

Saka vart sist handsama i møte 10.09.2013 sak 036/13, og det vart gjort følgjande vedtak: Orienteringa vert teken til vitande. Saka blir fulgt opp i løpet av våren 2014.

Rådmannen vert kalla inn til møte for å orientere om stoda.

26/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4335 Bjørhovdevegen

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid Formannskapet Kommunestyret	12.6.2014	26/14	Nei Nei Ja

Saksvedlegg:

Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt 4335 Bjørhovdevegen.

Sak 052/09 Bjørhovdevegen – opprusting av vegparsellar, handsama i kommunestyret
25.06.2009.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Under føresetnad av at meirforbruket vert finansiert i samsvar med regelverket, han ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

Saksutgreiing

Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4335 Bjørhovdevegen

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt 4335 Bjørhovdevegen. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 7.244.973. Budsjettramma for prosjektet var kr 6.750.000. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 494.973.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis meirforbruket skal finansierast..

Revisor har attestert prosjektrekneskapen, og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattestasjon og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at meirforbruket vert finansiert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.

Sluttrapport

62.000 2014

J.nr.

2 18/14

Saksh. *aww* Arkiv

U.off. etter

PROSJEKT: 4335 - BJØRHØVDEVEGEN

Programmeringsfase

Prosjekteringsfase

Gjennomføringsfase

X

Prosjektansvarleg: Elin Leikanger

HISTORIKK, VIKTIGE ERFARINGAR

Avvik og erfaringar i høve til planar, framdrift, økonomi, kvalitet

AVVIK:

- EKSTRAKOSTNAD MED MUR I RESET SOM KUNNE RASE UT – FØRTE TIL FLYTTING AV VEG, MEIRKOSTNAD MED SPRENGING OG MURING.
- DÅRLEGARE MASSAR I VEG ENN ANTATT PÅ STREKNINGA RYSST-BJØRHØVDE.
- MEIR BEHOV FOR STIKKRENNER PÅ DELSTREKNING VED RESET.
- GRUNNAVSTÅING FOR VEG IKKJE AVKLARA PÅ FØREHAND – BØR GJERAST TIDLEGARE.
- UTBETRING AV SIKTTILHØVE I KRYSS MOT RIKSVEG 15.

FRAMDRIFT:

- FORSEINKING GRUNNA DÅRLEG VER.
- FORSEINKING GRUNNA DÅRLEG MUR OG DÅRLEGE MASSAR PÅ DELSTREKNINGAR.

ØKONOMI:

- OVERSKRIDING SOM FØLGJE AV UFORUTSETT KOSTNAD MED MUR I RESET, OG DÅRLEGE MASSAR PÅ DELSTREKNINGAR.

KVALITET:

- I SAMBAND MED OPPRUSTING AV BJØRHØVDEVEGEN HAR KOMMUNEN LAGT GEONETT I VEGBANA SOM FORSTERKNING AV EKSISTERANDE VEG I STADEN FOR FULL MASSEUTSKIFTING.

DET MÅ SETJAST AV MIDLAR TIL GRUNNAVSTÅING DÅ DETTE IKKJE ER UTFØRT ENNO.

ØKONOMI

Vedteken ramme:	2 000 000,-	KS-sak: 066/06
Kalkyle etter tilbodsrunde:	:	
Evt. Justert ramme:	4 750 000,-	KS-sak: 052/09
Endelegge kostnader	7 244 972,24	
Evt oppfinansiering	494 972,24	

Elin Leikanger
Elin Leikanger

.....
Prosjektansvarleg

Dag Petter Leite
Dag Petter Leite

.....
Prosjektleder



	Rekneskap pr 30.04.14	Budsjett
Prosjekt: 4335 Bjørhovdevegen - oppgradering		
Art: 31210 ANNA FORBRUKSMATERIELL	308,00	-
Art: 31410 ANNONSE	9 278,61	-
Art: 31960 AVGIFTER OG GEBYR	1 870,00	-
Art: 31962 BYGGESAKSGEBYR	1 800,00	-
Art: 32013 PROGRAMVARE	32 000,00	-
Art: 32500 MATERIALE TIL NYBYGG/VEDLIKEHAL	560,00	-
Art: 32700 KONSULENTTENESTE	5 890,00	-
Art: 32710 PROSJEKTERINGS-/ARKITEKTENEST	217 903,00	-
Art: 32712 TILLEGGSARBEID	33 025,00	-
Art: 32720 SPESIALUNDERSØKINGAR/HONORAR	22 040,00	-
Art: 34000 BYGG OG ANLEGG	-	6 450 000
Art: 34750 VEGAR OG PLASSAR	110 000,00	-
Art: 34751 KONTRAKTSARB. (SAMLA) VEGAR/PLA	5 467 618,81	-
Art: 34752 TILLEGGSARBEID	692 943,20	-
Art: 34755 ASFALTERING	66 432,20	-
Art: 34990 MOMS	583 303,92	300 000
Sum utgifter	7 244 972,74	6 750 000
Inntekter		
Art: 39100 BRUK AV LÅN	-4 750 000,00	-4 750 000
Art: 39480 BRUK AV UBUNDNE INVESTERINGSFON	-2 000 000,00	-2 000 000
TOTALT	494 972,74	-

Prosjektet har eit overforbruk på kr 494.972,74.

Attestert 23.05.2014

Kay Rune Salheim
Kommunerevisjonen
i Nordfjord



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Teknisk styre	16.06.2009	083/09	TMY
Formannskapet	18.06.2009	067/09	TMY
Kommunestyret	25.06.2009	052/09	TMY

Avgjerd av:	Arkiv: K2-Q14	Arkivsaknr
Saksbeh.: Torfinn Myklebust	Objekt:	07/1802

Bjørhovdevegen - opprusting av vegparsellar.

Prenta vedlegg:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kva saka gjeld:

Finansiering av opprusting av Bjørhovdevegen.

Bakgrunn for saka:

Trong for opprustning av Bjørhovdevegen.

Administrasjonen har gjennomført anbudsrunde i regi av Nordplan AS. For strekninga frå Bjarne Smørdal si avkjørsle til våningshus til krysset på fylkesvegen på Hjelmeland. Det er no gjort innstilling av entreprenør, men summen av kostnader før anlegget vil overskride dei opphavlege løyvingane som var gjorde i 2006.

Saksutgreiing:

Kommunestyret vedtok i K-sak 066/06 å bruke ubundne kapitalfond på kr. 2.000.000,- til å ruste opp Bjørhovdevegen.

Prosjektet vart i 2008 utlyst som totalentreprise, men då det berre var eitt gyldig tilbod og tilbodssummen var langt høgare enn budsjettet, valde teknisk styre i sak 044/08 å avlyse konkurransen. Dette tilbodet var avgrensa til om lag 1150 meter av strekninga.

Samtidig vedtok teknisk styre å opne for å fullføre heile strekninga frå Bjørhovde til Hjelmeland.

I K-sak 066/06 vart det lagt fram ei prioriteringsliste med bl.a. oversikt over tiltak som hasta med å få sett i gang. Av desse tiltaka var Bjørhovdevegen kostnadsrekna til kr. 1.285.000,- inkl. ein del masseutskifting og asfaltering. Kostnadane til opprustning var då oppsett som eit anslag utan at det var utarbeidd plan over kva som var naudsynt å gjere i følge

saksframstillinga var Bjørhovdevegen allereie då den dårlegaste av dei kommunale vegane når det gjaldt standard. Bjørhovdevegen er framleis den dårlegaste, men tilstanden er no i 2009 slik at det må gjerast ei større masseutskifting og rekkverkutskifting enn det som var planlagd i 2006.

Tilstanden på deler av vegen er så dårleg at administrasjonen vurderer om den bør stengast. Skjer det ulykker/skader i området kan kommunen risikere å få krav om erstatning.

Tilboda som er komne inn ligg lavare, for tilsvarande strekning, enn tilbodet som kom inn ved den avlyste konkurransen i 2008.

Det er ikkje henta inn tilbod for opprustning av vegen frå Rysst til Bjarne Smørdal si avkøyrslé.

Vurdering:

Vegen over frå Rysst til Hjelmeland er viktig for større køyretøy som skal til komposteringsplassen på Reset, den er og viktig for transport til og frå Bakke Sag og Høvleri og for landbruksdrifta i området. Vegen er og viktig som sambindingsveg i bygda og som avlastningsveg i forhold til fylkesvegen frå Haugen til Espe. Av desse grunnane er det avgjerande at vegen er trygg og har ein god standard.

Ved anbudsfristen sitt utløp var det 4 entreprenørar som hadde levert inn rettidige anbod. 2 av desse vart i samsvar med "Forskrift om offentlige anskaffelser" avviste. Eid kommune sit då igjen med 2 gyldige anbod, som Nordplan AS no har vurdert og gjort innstilling på.

Anbodet som Nordplan AS gjort innstilling på er det lågaste i pris, men i høve til framdrift så har denne entreprenøren sett opp ein månad lenger enn anbydaren som er nr. 2.

Tilbodet er delt inn i tre parsellar.

Parsell 1A: Går frå B.Smørdal si avkøyrslé til pel 300. Ei lengd på 300 meter.

Parsell 1B: går frå pel 460 til pel 1310. Ei lengde på 850 meter.

Parsell 2: Går frå pel 1310 til krysset på Hjelmeland. Ei lengd på 403 meter.

Vegstubben mellom 1A og 1B er tidlegare opprusta.

I kostnadane må det takast med utgifter som er påløpt til grunnboring mv, planleggingskostnadane må ireknast. Det same må kostnader til grunnkjøp/oppmåling. Det må og avsetjast ca 5% til byggeleing og 10-20% (har rekna med 15%) til uforutsette kostnader. For mva pliktige kostnader er moms inkludert.

Dette gjer at den totale kostnaden for alle parsellane vert kr 6.000.000,- (Treng tilleggsfinansiering på kr 4.000.000,-)

Dersom anbodet, pga kostnaden ikkje kan gjennomførast i fullt ut, så bør ein uansett gjennomføre parsell 1B. Parsellen har djupe hjulspor, og har tydelege preg av setningar som har ført til at betongrekkverk har tippa over. Dette er den parsellen som har strekningar som er dårlegast tilstand på. Å gjennomføre parsell 1B vil koste kr. 4.000.000,- (Treng tilleggsfinansiering på kr 2.000.000,-)

Om ein kan gjennomføre fleire parsellar, så bør også parsell 1A gjennomførast pga tilstanden like ovanfor Bjørhovde. På strekninga har ein vald å bruke Jersey-blokker som rekkverk i staden for ståltrekkverk, fordi dette gjev ei rimelegare løysing. Kostnaden med å gjennomføre parsell 1A og 1B vil kome på kr. 5.350.000. (Treng tilleggsfinansiering på kr 3.350.000,-)

Parsell 1A og 1B er dei parsellane som er vanskelegaste å holde eit skikkeleg vintervedlikehald på, og bør derfor prioriterast.

Når det gjeld parsellen frå Rysst til B.Smørðal, så er ikkje den med i tilbodet. Dersom denne parsellen skal asfalterast etter samme standard som vegen Lote/Lotsberg vil det kome på kr 730.000,- Masseutskifting og skifte av stikkrenner er ikkje medrekna. Dette vil gje ein samla trong for tilleggsløyving på kr 4.730.000,-

Eid kommune har eit stort etterslep på vedlikehold av dei kommunale vegane. Det totale etterslepet er førebels ikkje talfesta.

Ved gjennomføring av tiltak på vegnettet er det viktig at det arbeidet som vert utført, vert gjort fullt og heilt, og ikkje stykkevis og delt.

På grunn av at vegen har ein svært dårleg standard og at den har stor betydning for næringslivet og busetnaden i området vil rådmannen rå til at vegen vert rusta opp. Ideelt sett burde heile strekninga vorte opprusta, men på grunn av kommunen sin økonomiske situasjon må opprustninga avgrensast til parsell 1B. Då kommunen ikkje har ledige midler må prosjektet finansierast ved auka låneopptak.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Bjørhovdevegen vert rusta opp innanfor ei økonomisk ramme på kr 4.000.000,-

Prosjektet vert oppfinansiert ved auka låneopptak på kr 2.000.000,-

25.06.2009 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Per Inge Midthjell, AP: Rådmannen si tilråding vert fremja på nytt.

Framlegg frå Kari Knævelsrud, Frp: Teknisk styre si innstilling vert fremja på nytt.

Framlegget frå Per Inge Midthjell vart trekt. Det vart røysta alternativt over Kari Knævelsrud sitt framlegg og formannskapet si tilråding. Formannskapet si innstilling fekk 19 røyster, medan Kari Knævelsrud sitt framlegg fekk 10 røyster og fall.

KS-052/09 VEDTAK:

Som innstillinga. 19 mot 10 røyster.

16.06.2009 TEKNISK STYRE

Framlegg frå Geir Lefdal:

Bjørhovdevegen vert rusta opp innanfor ei økonomisk ramme på 6,75 mill kr. Prosjektet vert oppfinansiert ved overføring av lånebeløp kr 4,75 mill frå gangveg Haugen, i tillegg til løyving på 2,0 mill.

Det vart røysta alternativt mellom Geir Lefdal sitt framlegg, og rådmannen si tilråding. Framlegget frå Geir Lefdal fekk 6 røyster, 2 røyster for rådmannen si tilråding. Geir Lefdal sitt framlegg vart vedteke.

TS-083/09 VEDTAK, SOM INNSTILLING TIL FORMANNSKAPET (6 MOT 2 RØYSTER):

Bjørhovdevegen vert rusta opp innanfor ei økonomisk ramme på 6,75 mill kr. Prosjektet vert oppfinansiert ved overføring av lånebeløp kr 4,75 mill frå gangveg Haugen, i tillegg til løyving på 2,0 mill.

18.06.2009 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Hans Petter Gilleshammer:

Bjørhovdevegen vert rusta opp innanfor ei økonomisk ramme på kr 4.000.000,-

Prosjektet vert oppfinansiert ved auka låneopptak på kr 2.000.000,-

Framlegg frå Kjell Magne Åshamar:

Bjørhovdevegen vert rusta opp innanfor ei økonomisk ramme på kr 6.750.000,-

Prosjektet vert oppfinansiert ved auka låneopptak på kr 4.750.000,-

Det vart først røysta over teknisk styre si tilråding som fekk 0 røyster, og fall.

Deretter vart det røysta alternativt mellom Hans Petter Gilleshammer sitt framlegg og framlegget frå Kjell Magne Åshamar.

Framlegget frå Kjell Magne Åshamar vart vedteke med 5 mot 4 røyster.

F-067/09 INNSTILLING (VEDTEKE MED 5 MOT 4 RØYSTER)

Bjørhovdevegen vert rusta opp innanfor ei økonomisk ramme på kr 6.750.000,-

Prosjektet vert oppfinansiert ved auka låneopptak på kr 4.750.000,-

27/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4349 Veg/bru Stårheim kyrkje

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	27/14	Nei
Formannskapet			Nei
Kommunestyret			Ja

Saksvedlegg:

Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt 4349 Veg/bru Stårheim kyrkje.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

Saksutgreiing

Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4349 Veg/bru Stårheim kyrkje

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt 4349 Veg/bru Stårheim kyrkje.. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 2.838.429. Budsjetttramma for prosjektet var kr 3.000.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 162.000.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattestasjon og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.

Sluttrapport

SEKOM-sekretariat

02.11.2014

J.nr. 2 18/14

Saksh. *anna* Arkiv

U.off. etter

PROSJEKT: 4349 Veg/bru Stårheim kyrkje

Prosjektansvarleg: Elin Leikanger

Programmeringsfase

Prosjekteringsfase

Gjennomføringsfase

X

HISTORIKK, VIKTIGE ERFARINGAR

Avvik og erfaringar i høve til planar, framdrift, økonomi, kvalitet

Ubunde investeringsfond var pr 01.01.11 kr 2.511.550. Med føresetnad om vedtak i samsvar med rådmannen si tilråding i andre saker er saldoen endra slik:

	Saldo
253400001 Ub. Investeringsfond uspesifisert	2.511.550
Overskot –avslutta investeringar (KS 39/11)	143.893
Ny brannntankbil	-120.000
Redusert tomtepris, tomt på Golvsengane	-400.000
Ny saldo	2.135.443

Med same føresetnad er saldo for udiponerte lånemidlar kr 1.060.049,25

Administrasjonen tilrår at kostnad kr 2.500.000 vert finansiert av kommunen fullt ut. Dette fordi omfang av grunneigartilskot framleis er uklart.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Tidlegare vedtak om opprusting av Eidgata parsell 4 vert utvida til å gjelde parsell (YIT-Eid kyrkje)
2. Meirkostnad kr 2.500.000 vert finansiert slik:

	Garnal saldo	Utgift	Ny saldo
2910005 Udisponerte lånemidlar	1.060.049,25	500.000	560.049,25
253400001 Ub. Inv.fond uspesifisert	2.135.443,00	2.000.000	135.443,00

16.06.2011 FORMANNSKAPET

F-076/11 INNSTILLING:

Rådmannen si tilråding vedken samrøystes som innstilling til kommunestyret.

23.06.2011 KOMMUNESTYRET

KS-067/11 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling vedteken samrøystes.

16.06.2011 FORMANNSKAPET

F-076/11 INNSTILLING:

Rådmannen si tilråding vedken samrøystes som innstilling til kommunestyret.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	08.10.2009	091/09	OST
Formannskapet	22.10.2009	101/09	ELE
Formannskapet	30.10.2009	106/09	ELE
Teknisk styre	03.11.2009	140/09	ELE
Oppvekst- og kulturstyret	04.11.2009	032/09	ELE
Helse- og omsorgsstyret	04.11.2009	028/09	ELE
Formannskapet	12.11.2009	114/09	OST
Formannskapet	01.12.2009	116/09	OST
Formannskapet	03.12.2009	143/09	OST
Kommunestyret	17.12.2009	114/09	OST

Avgjerd av:	Arkiv: K1-151, K2-	Arkivsaknr
Saksbeh.: Ole Starheim	Objekt:	09/1339

Årsbudsjett 2010 - Økonomiplan 2010 - 2013

Prenta vedlegg:

Konsekvensjustert budsjett 2010 – eige hefte datert 2. oktober 2009

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunelova § 45

Forskrift om kommunens årsbudsjett av 15.12.00

Saksutgreiing:

Budsjettprosedyren for 2010 vil i hovudsak bli lagt opp på same måte som tidlegare år. Dette inneber at administrasjonen skisserar eit utgiftsbehov basert på framskriving av budsjettet for 2009, som syner konsekvensane av å oppretthalde dei aktivitetane ein har i dag, inklusiv politiske vedtak, bindande avtaler og endring i lover og forskrifter som får verknad for 2010 og seinare.

Avdelingsleiarane samarbeider med økonomiavdelinga om dette, og kommunesjefane deltek i utarbeidinga av det detaljerte budsjettet til den enkelte avdeling. Dette gir samla ei god

forståing for den enkelte sin økonomiske situasjon. Dette gir også ei betre kontakt mellom avdelingsleiarane, kommunesjefane og økonomiavdelinga i budsjett og rekneskaps spørsmål.

I samsvar med tidlegare praksis og gjeldande kommunelov, ligg det til dei politiske organ å oppnå budsjettbalanse. Administrasjonen skal vere ein nyttig reiskap som skal skissere verknadane, økonomisk, juridisk og praktisk, i høve til dei innspel som framkjem i denne prosessen. Det må m.a.o. vere eit samspel mellom politisk og administrativt nivå der administrasjonen tilrettelegg grunnlagsmateriale og elles utarbeider økonomiske og praktiske vurderingar kring dei ulike tiltaka, medan politikarane fattar vedtak ut frå politiske drøftingar og prioriteringar.

Hovuddelen av kommunen sine frie inntekter kjem frå staten, i form av skatt, inntektsutjamning og rammetilskot. Kommunen sine andre inntekter kan i liten utstrekning reknast som ein vesentleg faktor i høve til dekning av manglande budsjettbalanse. Det mest vesentlege verkemiddelet på inntektssida som kommunen kan ta i bruk, og som så langt ikkje er teke i bruk, er innføring av eigedomsskatt. Det er verd å merke seg at kommunens inntekt som ein følge av eventuell innføring av eigedomsskatt ikkje vil ha full effekt dei fyrste åra fordi maksimal skattesats ikkje kan leggst til grunn før etter fire år. Det knyter seg mykje arbeid og høge etableringskostnader til innføringa av eigedomsskatt i form av taksering av alle bygga som skal inngå i ordninga.

Driftsbudsjett 2010

Tabell 1 datert 02.10.09, viser manglande inndecking på kr 15.728.000,- for at budsjettet for 2010 skal vere i balanse. Det er eit stort sprik mellom kommunen sine inntekter og utgifter i 2010 og dette forsterkar seg dei komande åra, spesielt på grunn av auken i finanskostnadane.

Dei frie inntektene frå staten (postane 1-3 i tabell 1) er henta frå kommuneproposisjonen for 2010, presentert i mai 2009 i samband med revidert statsbudsjett for 2009. Statsbudsjettet for 2010 vert offentleggjort den 13. oktober 2009.

Postane frå nr 1 til 14 er stort sett inntektspostar og finanspostar som kommunen rår lite med. Disse postane er lagt inn med realistiske tal i budsjettet. Det vil nok kome endringar også her framover i budsjettarbeidet, og tala vil då bli fortløpande oppdatert med informasjon til formannskapet. Det er likevel lite sannsynleg at endringar her vil bidra til særleg mindre behov for kutt i utgiftene til den tenesteytande delen av budsjettet (postane frå nr 15 til 24 i tabell 1). Vi veit at det er endringar og tiltak opp mot den kommunale organiseringa og tenesteytinga som må til for å få nok reduksjon i driftsutgiftene til å balansere økonomiplanen på lang sikt. Til eksempel vil ein reduksjon i lønsutgiftene på kr 5 mill måtte medføre eit kutt på 10 årsverk.

Tiltak som avdragsutsetjing, nedjustering av lånerenta, auke i avkastninga frå fondsmidlar, bruk av disposisjonsfond, urealistiske innsparingspostar, osv. er teknisk grep som tidlegare år har vore brukt for å skaffe budsjettbalanse i årsbudsjettet og økonomiplanen (langtidsbudsjettet). Dette er å skyve problema føre seg, og som oftast fører til at budsjettet må justerast igjen på vårparten og/eller kommunen får underskot i dei komande års rekneskap. Slike grep fører også til større utfordringar med budsjettet i seinare år, noko ein no erfarer med utfordringane som ligg i kommunen sin økonomiplan. M.a. vert kommunen sine oppsparte midlar på denne måten brukt for å oppretthalde eit langsiktig utgiftsnivå som ligg vesentleg over inntektsnivået.

Det vert nok vanskeleg å få gjennomført tiltak som skapar balanse mellom driftsutgiftene og driftsinntektene alt i 2010. Difor vil ein truleg måtte nytte oppsparte midlar som eit av tiltaka for å balansere det fyrste året i langtidsbudsjettet.

Det er også viktig å merke seg at linje 16 og 19 i tabell 1 er redusert i 2011 med hhv kr 2 mill og kr 1 mill i samsvar med kommunestyret sitt vedtak av økonomiplan 2009 – 2012, KS 132/08. Denne reduksjonen vart lagt inn i den politiske handsaminga av økonomiplanen 2009 – 2012, som ei innsparing med begrunning i bygging av ny kommunal barnehage. Vidare er det lagt til grunn låneopptak i samsvar med vedteken økonomiplan investeringar 2009 – 2012, KS 132/08. Dette virkar inn på berekna rente- og avdragsutgifter for åra 2011 – 2013.

Investeringar 2010 - 2013

Kommunestyret vedtok ein investeringsplan for åra 2009-2012 i budsjettvedtaket i desember 2008. Denne investeringsplanen er lagt til grunn i finanspostane i tabell 1. Rådmannen vil kome attende til investeringsplan for 2010 – 2013 seinare i budsjettprosessen.

08.10.2009 FORMANNSKAPET

Geir Lefdal hadde fått innvilga permisjon, Jostein Huneide møtte som vara.

Rådmannen orienterte om budsjettstatusen.

F-091/09 VEDTAK:

Orienteringa vert teken til vitande.

22.10.2009 FORMANNSKAPET

Rådmannen orienterte om framlagt investeringsplan, og endringar i budsjett og økonomiplan. Formannskapet bad om å få framlagd budsjett og rekneskapstal frå siste år, etter same oppsett som tabell 1.

Formannskapet vert kalla inn til ekstramøte 30.10.09 kl 13.00 om budsjettet.

F-101/09 VEDTAK:

Orienteringa vart teken til vitande

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

30.10.2009 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Hans Petter Gilleshammer, AP:

Arbeidarpartiet 30.10.09	AP Forslag
Frie inntekter	
Skatteinntekter	113 449 000
Inntektsutjamning	18 177 000
Rammetilskot	75 880 000
Sum generelle frie inntekter	207 506 000
Momskompensasjon frå drift	5 430 000
Momskompensasjon frå investering	4 100 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar	7 200 000
Premieavvik pensjon inkl. arb.g.avg.	1 794 000
Tilskot flyktningar	3 988 000
Kompensasjonar investeringar grunnskule	1 605 000
Komp.tilskot omsorgsbustader	820 000
Sum frie inntekter	232 443 000
Utbyte frå eigarskap i SFE AS + konsesjonskraftinntekt	-200 000
Avkastning frå aktiv forvaltning	-6 000 000
Renteinntekter bankinnskot	-800 000
Renteutgifter lån	11 400 000
Avdrag på lån	11 329 000
Sum finanspostar	15 729 000

Til fordeling drift	216 714 000
Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	18 792 000
Oppvekst og kultur	69 927 000
Pleie og omsorg	52 257 000
Helse og sosial	42 078 000
Teknisk etat	24 773 000
Bedriftshelseteneste	600 000
Lønsauke 2009 (rest - gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2010)	1 512 000
Lønsauke 2010 (4,0%, gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2011)	5 330 000
Driftstilskot til Eid Fjordvarme KF	315 000
Driftstilskot til Eid kyrkjelege fellesråd	3 694 000
Sum fordelt	219 278 000
Resultat (minus er underskot): -2 564 000	

AP la fram økonomiplan 2010-2013, med inntekter frå eigedomsskatt frå 2011.

Framlegg frå Kjell Magne Åshamar, Sp:

Senterpartiet 30.10.09	SP Forslag
Frie inntekter	
Skatteinntekter	113 449 000
Inntektsutjamning	18 177 000
Rammetilskot	75 880 000
Sum generelle frie inntekter	207 506 000
Momskompensasjon frå drift	5 430 000
Momskompensasjon frå investering	4 100 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar	7 200 000
Premieavvik pensjon inkl. arb.g.avg.	1 794 000
Tilskot flyktningar	3 988 000
Kompensasjonar investeringar grunnskule	1 605 000
Komp.tilskot omsorgsbustader	820 000
Sum frie inntekter	232 443 000
Utbyte frå eigarskap i SFE AS + konsesjonskraftinntekt	-200 000
Avkastning frå aktiv forvaltning	-5 300 000
Renteinntekter bankinnskot	-800 000
Renteutgifter lån	11 337 143
Avdrag på lån	11 329 000
Sum finanspostar	16 366 143
Til fordeling drift	216 076 857
Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	18 400 000
Oppvekst og kultur	69 700 000
Pleie og omsorg	52 000 000
Helse og sosial	41 200 000
Teknisk etat	23 500 000
Bedriftshelseteneste	600 000
Lønsauke 2009 (rest - gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2010)	1 512 000
Lønsauke 2010 (4,0%, gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2011)	5 330 000
Driftstilskot til Eid Fjordvarme KF	
Driftstilskot til Eid kyrkjelege fellesråd	3 730 000
Sum fordelt	215 972 000
Resultat (minus er underskot): 104 857	

Fellesframlegg frå formannskapet:

Hovudstyra får i oppdrag å legge fram eit saldert budsjett innafor eiga råde med ei liste over prioriteringar ved større eller mindre ramme.

Hovudstyra må også legge fram forslag til investeringar innafor eige fagområde.

Det vart først røysta alternativt mellom framlegga til Ap og SP. Framlegget til Sp fekk 5 røyster, medan Ap sitt framlegg fekk 4 røyster og fall. Sp sitt framlegg vart vedteke.

Fellesframlegget vart vedteke samrøystes.

F-106/09 VEDTAK:

Frie inntekter	
Skatteinntekter	113 449 000
Inntektsutjamning	18 177 000
Rammetilskot	75 880 000
Sum generelle frie inntekter	207 506 000
Momskompensasjon frå drift	5 430 000
Momskompensasjon frå investering	4 100 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar	7 200 000
Premieavvik pensjon inkl. arb.g.avg.	1 794 000
Tilskot flyktningar	3 988 000
Kompensasjonar investeringar grunnskule	1 605 000
Komp.tilskot omsorgsbustader	820 000
Sum frie inntekter	232 443 000
Utbyte frå eigarskap i SFE AS + konsesjonskraftinntekt	-200 000
Avkastning frå aktiv forvaltning	-5 300 000
Renteinntekter bankinnskot	-800 000
Renteutgifter lån	11 337 143
Avdrag på lån	11 329 000
Sum finanspostar	16 366 143
Til fordeling drift	216 076 857
Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	18 400 000
Oppvekst og kultur	69 700 000
Pleie og omsorg	52 000 000
Helse og sosial	41 200 000
Teknisk etat	23 500 000
Bedriftshelseteneste	600 000
Lønsauke 2009 (rest - gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2010)	1 512 000
Lønsauke 2010 (4,0%, gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2011)	5 330 000
Driftstilskot til Eid Fjordvarme KF	
Driftstilskot til Eid kyrkjelege fellesråd	3 730 000
Sum fordelt	215 972 000

Resultat (minus er underskot): 104 857

Hovudutvala får i oppdrag å legge fram eit saldert budsjett innafor eiga råde med ei liste over prioriteringar ved større eller mindre ramme.

Hovudstyra må også legge fram forslag til investeringar innafor eige fagområde.

03.11.2009 TEKNISK STYRE

Fellesframlegg frå teknisk styre:

Rådmannen får i oppgåve til neste møte å synleggjere kva konsekvensar det vil få, samt innsparingspotensialet for å få eit budsjett i balanse for teknisk rammeområde.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

TS-140/09 VEDTAK:

Rådmannen får i oppgåve til neste møte å synleggjere kva konsekvensar det vil få, samt innsparingspotensialet for å få eit budsjett i balanse for teknisk rammeområde.

04.11.2009 OPPVEKST- OG KULTURSTYRET

Kommunesjefen gjekk igjennom formannskapet sitt vedtak.

OK- styret fremja følgjande forslag:

Administrasjonen får i oppgåve å synleggjere konsekvensane av tildelt råde.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OK-032/09 VEDTAK:

Administrasjonen får i oppgåve å synleggjere konsekvensane av tildelt råde. Samrøystes.

04.11.2009 HELSE- OG OMSORGSSTYRET

Styret vil ha eit ekstramøte den 18.11.09. Detaljbudsjettet skal utsendast på førehand.

Fellesframlegg frå HO-styret:

Administrasjonen vert bedne om å kome med framlegg om tiltak til kutt i samsvar med formannskapet sitt vedtak - med konsekvensutgreiingar - til møtet den 18.11.09.

HO-028/09 VEDTAK:

Administrasjonen vert bedne om å kome med framlegg om tiltak til kutt i samsvar med formannskapet sitt vedtak - med konsekvensutgreiingar - til møtet den 18.11.09.

OK-032/09 VEDTAK:

Administrasjonen får i oppgåve å synleggjere konsekvensane av tildelt råde. Samrøystes

12.11.2009 FORMANNSKAPET

Rådmannen la fram notat datert 12.11.09 vedkomande budsjett og økonomiplan.

Fellesframlegg frå formannskapet:

Rådmannen får i oppdrag å legge fram eit saldert budsjett for sentraladministrasjonen inkl. politisk styring, med ei liste over prioriteringar ved større eller mindre ramme.

Framlegget vart vedteke samrøystes.

F-114/09 VEDTAK:

Rådmannen får i oppdrag å legge fram eit saldert budsjett for sentraladministrasjonen inkl. politisk styring, med ei liste over prioriteringar ved større eller mindre ramme.

01.12.2009 FORMANNSKAPET

Konst. rådmann Elin Leikanger orienterte om handsaminga i dei faste utvala i kommunen og framlegga frå administrasjonen om kutt i sentraladministrasjonen .

Formannskapet drøfta det som låg føre så langt utan at det vart fremja noko konkret framlegg til vedtak.

Budsjettsaka vert handsama 03.12.09 for innstilling til kommunestyret.

F-116/09 VEDTAK:

03.12.2009 FORMANNSKAPET

Eid AP fremja framlegg til driftsbudsjett og økonomiplan (vedlegg)
SP, V, H og Frp fremja fellesframlegg i høve driftsbudsjett og økonomiplan.

Det vart røysta alternativt mellom dei to ulike framlegga til driftsbudsjett for 2010.
Framlegget til SP/V/H/Frp vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

Det vart fremja følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Framlegg frå Kjell Magne Åshamar, SP: kr 60.000 av auken i sentraladministrasjonen skal bindast til tilskot Frivilligsentralen kr 30.000 og tilskot krisesenter kr 30.000.

Framlegg frå Siv L. Rotevatn, V: Satsen for foreldrebetaling i kulturskulen skal aukast med 5%, men skjermast for tilleggskutt.

Begge tilleggspunkta vart vedtekne samrøystes.

Det vart røysta alternativt mellom dei to ulike framlegga til økonomiplan drift for 2011-2013.
Framlegget til SP/V/H/Frp vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

Kjell Magne Åshamar, SP, la fram følgjande framlegg til endringar i investeringsbudsjettet for 2010.

- Line 8 reduserast til 14 mill
- Haugen skule skal inn med 4 mill

Framlegget til investeringsbudsjett vart vedteke samrøystes.

Kjell Magne Åshamar, SP, la fram følgjande framlegg til endringar i økonomiplan investeringar 2011-2013:

- Haugen skule 3 mill i 2011
- Line 13 4 mill flyttast til 2012
- Line 9 3 mill flyttast til 2011
- Line 61 endring til: 2011 Ramme 300.000 lån 150.000, 2012 Ramme 300.000 lån 150.000

Framlegget til økonomiplan investeringar vart vedteke samrøystes.

Fellesframlegg frå formannskapet:

- Det vert oppretta ei fast 50% stilling som kulturmedarbeidar ved Operahuset Nordfjord frå 01.01.10.
- Hovudstyra får fullmakt til å fordele vedteken ramme for driftsbudsjettet 2010 innanfor det enkelte ramme/ansvarsområde
- Rådmannen får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansiering av investeringar innanfor vedteken ramme.

Det vart røysta punktvis, og alle punkt vart vedtekne samrøystes.

F-143/09 VEDTAK, SOM INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Eid kommune vedtek driftsbudsjett for 2010 i samsvar med tabell 1, datert 03.12.09. Dette gir følgjande rammer (vedteke med 6 mot 3 røyster):

Driftsrammer 2010:

Rammeområde	Beløp
Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	18 843 000
Oppvekst og kultur	71 183 000
Pleie og omsorg	52 135 000
Helse og sosial	41 371 000
Teknisk etat	23 687 000
Innsparing forsikringspremiar i 2010	-600 000
Bedriftshelseteneste	600 000
Lønsauke 2010 (4,0%, gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2011)	5 773 000
Driftstilskot til Eid Fjordvarme KF	315 000
Driftstilskot til Eid kyrkjelege fellesråd	3 730 000
Sum fordelt	217 037 000

- Tilleggspunkt 1 (samrøystes): kr 60.000 av auken i sentraladministrasjonen skal bindast til tilskot Frivilligsentralen kr 30.000 og tilskot krisesenter kr 30.000.
- Tilleggspunkt 2 (samrøystes) : Satsen for foreldrebetaling i kulturskulen skal aukast med 5%, men skjermast for tilleggskutt.

2. Eid kommune vedtek økonomiplan drift 2011 –2013 i samsvar med tabell 1, datert 03.12.09 (vedteke med 6 mot 3 røyster).

3. Investeringar for 2010 vert vedtekne etter tabell 4, datert 03.12.09. Dette gir følgjande investeringsprosjekt (samrøystes).

Investeringar 2010:

Alle tal i tusen		2010		
Innstilling frå formannskapet 03.12.09		Sum		
Formål	Investering	Lån	Tilskot/ ref./fond	
1 IKT-investeringar utstyr/program datarom	200	200		
2 Kommunenett Nordfjord fellesprosjekt	200	125	75	
5 Bosskur skular/barnehagar				
6 Inventar /uteområde i skulane / barnehagane				
8 Barnehageutbygging	14 000	14 000		
9 Ny sjukeheim, planlegging				
11 Sengar og utstyr til Institusjonane	150	150		
13 Fjordvarme framlagt til eldretunet	1 500	1 000	500	
16 Inventar Valhall og Eid idrettshus				
18 Tiltak etter hovedplan bygg				
19 Sikring/låssystem kommunale bygg				
24 Trafikktryggingstiltak m/ tilskot (HPL veg)	400	150	250	
25 Andre tiltak etter Hpl veg				
26 Utsifting maskiner Driftsavdelinga, jfr plan				
28 Miljøutvikling Eidsgata	3 100	1 600	1 500	
29 Oppgradering - veglys på målar				
30 Investeringar brannvesenet	3 500	3 500		
31 Investeringstiltak etter hovudplan vatn med meir	10 000	10 000		
32 Investeringstiltak etter hovudplan avløp med meir	2 000	2 000		
33 Bustadfelt Kjølsdalen	1 000		1 000	
34 Bustadfelt (Golvseengane/Hågaåsen/Langelandsåsen)	4 000		4 000	
35 Planarbeid				
36 Presentasjonsverktøy kart/planar				
37 Landmålingskikkert				
40 Haugen skule	4 000	4 000		
53 Kulturhus, fullfin jfr sak	2 964	2 964		
58 Bossplass Haugen - avslutning.	1 000	1 000		
60 Investeringar innan Fellesrådet				
61 Eid Fjordvarme KF - investeringsramme	750	500	250	
Sum investeringar	48 764	41 189	7 575	

4. Av samla lånebehov i 2010 på kr 41.189.000 skal kr 5 mill finansierast frå unytta lånemidlar tidlegare avsett til prosjekt Gangveg Haugen. Prosjekt Gangveg Haugen går dermed ut.

Kr 500.000. av lånebehovet gjeld Eid Fjordvarme KF, som sjølv tek opp lånet. (samrøystes)

5. Eid kommune vedtek økonomiplan investering 2011-2013 i samsvar med tabell 4, datert 03.12.09. (samrøystes)

6. Det vert oppretta ei fast 50% stilling som kulturmedarbeidar ved Operahuset Nordfjord frå 01.01.10. (samrøystes)

7. Hovudstyra får fullmakt til å fordele vedteken ramme for driftsbudsjettet 2010 innanfor det enkelte ramme/ansvarsområde (samrøystes)

8. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansiering av investeringar innanfor vedteken ramme (samrøystes)

17.12.2009 KOMMUNESTYRET

Det vart avsett 10 min debattid til kvart parti.

Hans Petter Gilleshammer, AP, la fram nytt framlegg til Tabell 1, Økonomiplan 2010-2013 (vedlegg)

Oddvin Hansen, H, la fram følgjande framlegg til investeringsbudsjettet:

I samband med anbudsutlysing for bygging av ny 8-avd. barnehage på Golvsengane, skal også andre aktørar som kan gje tilbod på bygging og drift bli vurdert.

Dersom ein velger ei privat løysing på bygging og drift av ein ny barnehage på Golvsengane, så vil kr 32 mill på investeringsbudsjettet for nu barnehage kunne omdisponerast.

Etter drøfting endra Oddvin Hansen framlegget sitt slik:

I samband med anbudsutlysing for bygging av ny 8-avd. barnehage på Golvsengane, skal også aktørar som kan gje tilbod på både bygging og drift bli vurdert.

Kjell Magne Åshamar, SP, la fram følgjande framlegg om tillegg til investeringsbudsjettet: Tillegg investeringar Eid kyrkjelege fellesråd: 2011 kr 500.000, 2012 kr 500.000.

Det vart røysta punktvis over dei ulike framlegga

1. Det vart røysta alternativt mellom Formannskapet si innstilling, og framlegget til Hans P. Gilleshammer, AP. Formannskapet si innstilling vart vedteken mot 10 røyster.

Tilleggspunkt 1 i Formannskapet si innstilling var samrøystes vedteke.

Tilleggspunkt 2 i Formannskapet si innstilling vart vedteke mot 9 røyster.

2. Det vart røysta alternativt mellom Formannskapet si innstilling, og framlegget til Hans P. Gilleshammer, AP. Formannskapet si innstilling vart vedteken mot 10 røyster.
3. Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.
4. Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.
5. Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.
6. Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.
7. Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

8. Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.
9. Det vart røysta over Kjell Magne Åshamar, SP, sitt framlegg til auke i investeringane for Eid Kyrkjelege fellesråd. Framlegget vart vedteke samrøystes.
10. Det vart røysta over framlegget Oddvin Hansen, H sitt framlegg. Framlegget vart vedteke mot 12 røyster.

KS-114/09 VEDTAK:

1. Eid kommune vedtek driftsbudsjett for 2010 i samsvar med tabell 1, datert 03.12.09. Dette gir følgjande rammer (vedteke med 10 røyster):

Driftsrammer 2010:

Rammeområde	Beløp
Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	18 843 000
Oppvekst og kultur	71 183 000
Pleie og omsorg	52 135 000
Helse og sosial	41 371 000
Teknisk etat	23 687 000
Innsparing forsikringspremier i 2010	-600 000
Bedriftshelseteneste	600 000
Lønsauke 2010 (4,0%, gjeldande frå 1. mai, heilårseffekt 2011)	5 773 000
Driftstilskot til Eid Fjordvarme KF	315 000
Driftstilskot til Eid kyrkjelege fellesråd	3 730 000
Sum fordelt	217 037 000

- Tilleggspunkt 1 (samrøystes): kr 60.000 av auken i sentraladministrasjonen skal bindast til tilskot Frivilligsentralen kr 30.000 og tilskot krisesenter kr 30.000.
- Tilleggspunkt 2 (mot 9 røyster) : Satsen for foreldrebetaling i kulturskulen skal aukast med 5%, men skjermast for tilleggskutt.

2. Eid kommune vedtek økonomiplan drift 2011 –2013 i samsvar med tabell 1, datert 03.12.09 (vedteke mot 10 røyster).

3. Investeringar for 2010 vert vedtekne etter tabell 4, datert 03.12.09. Dette gir følgjande investeringsprosjekt (samrøystes).

Investeringar 2010:

Alle tal i tusen		2010		
Innstilling frå formannskapet 03.12.09		Sum		
Formål		Investering	Lån	Tilskot/ ref./fond
1	IKT-Investeringar utstyr/program datarom	200	200	

2	Kommunenett Nordfjord fellesprosjekt	200	125	75
5	Boskur skular/barnehagar			
6	Inventar /uteområde i skulane / barnehagane			
8	Barnehageutbygging	14 000	14 000	
9	Ny sjukeheim, planlegging			
11	Sengar og utstyr til institusjonane	150	150	
13	Fjordvarme framlagt til eldretunet	1 500	1 000	500
16	Inventar Valhall og Eid idrettshus			
18	Tiltak etter hovedplan bygg			
19	Sikring/låssystem kommunale bygg			
24	Trafikktryggingstiltak m/ tilskot (HPL veg)	400	150	250
25	Andre tiltak etter Hpl veg			
26	Utskifting maskiner Driftsavdelinga, jfr plan			
28	Miljøutvikling Eldsgata	3 100	1 600	1 500
29	Oppgradering - veglys på målar			
30	Investeringar brannvesenet	3 500	3 500	
31	Investeringstiltak etter hovudplan vatn med meir	10 000	10 000	
32	Investeringstiltak etter hovudplan avløp med meir	2 000	2 000	
33	Bustadfelt Kjølsdalen	1 000		1 000
34	Bustadfelt (Golvseengane/Hågaåsen/Langelandsåsen)	4 000		4 000
35	Planarbeid			
36	Presentasjonsverktøy kart/planar			
37	Landmålingskikkert			
40	Haugen skule	4 000	4 000	
53	Kulturhus, fullfin jfr sak	2 964	2 964	
58	Boss plass Haugen - avslutning.	1 000	1 000	
60	Investeringar innan Fellesrådet			
61	Eid Fjordvarme KF - Investeringsramme	750	500	250
	Sum investeringar	48 764	41 189	7 575

4. Av samla lånebehov i 2010 på kr 41.189.000 skal kr 5 mill finansierast frå unytta lånemidlar tidlegare avsett til prosjekt Gangveg Haugen. Prosjekt Gangveg Haugen går dermed ut.
Kr 500.000. av lånebehovet gjeld Eid Fjordvarme KF, som sjølv tek opp lånet. (samrøystes)
5. Eid kommune vedtek økonomiplan investering 2011-2013 i samsvar med tabell 4, datert 03.12.09. (samrøystes)
6. Det vert oppretta ei fast 50% stilling som kulturmedarbeidar ved Operahuset Nordfjord frå 01.01.10. (samrøystes)
7. Hovudstyra får fullmakt til å fordele vedteken ramme for driftsbudsjettet 2010 innanfor det enkelte ramme/ansvarsområde (samrøystes)
8. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansiering av investeringar innanfor vedteken ramme (samrøystes)
9. Tillegg investeringar Eid kyrkjelege fellesråd: 2011 kr 500.000, 2012 kr 500.000.

10. I samband med anbudsutlysning for bygging av ny 8-avd. barnehage på Golvsengane, skal også aktørar som kan gje tilbod på både bygging og drift bli vurdert.

Elin Leikanger
-konst.rådmann-

33/14 Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4714 Rassikring prestemarka

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid Formannskapet Kommunestyret	12.6.2014	33/14	Nei Nei Ja

Saksvedlegg:

Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt 4714 Rassikring prestemarka.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Økonomireglement for Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

Saksutgreiing

Prosjektrekneskap/sluttrapport prosjekt: 4714 Rassikring prestemarka

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt 4714 Rassikring prestemarka. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 310.062. Budsjettramma for prosjektet var kr 16.000.000. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 15.689.938.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattestasjon og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.

02 JUNI 2014

Sluttrapport

J.nr.

24/14

Saksh. *anna* Arkiv

U.off. etter

PROSJEKT: 4714 Rassikring prestemarka**Prosjektansvarleg:** Elin Leikanger

Programmeringsfase

Prosjekteringsfase

Gjennomføringsfase

x

HISTORIKK, VIKTIGE ERFARINGAR

Avvik og erfaringar i høve til planar, framdrift, økonomi, kvalitet

NGI utarbeidde forprosjekt/rapport for sikring med wirenett og fangvoll mot steinsprang i januar 2012. Finansieringsplan for tiltaket var basert på statstilskot i tillegg til kommunal løyving. Det viste seg at det ikkje var muleg å få tilskot fordi dei geologiske rapportane konkluderte med at tryggleikskrav i plan- og bygningslova er oppfylt.

Detaljprosjektering og tilbodsinnhenting vart utsett i påvente av finansieringsvedtak.

I handsaming av saka i formanskapet saksnr. 228/13 vart det gjort vedtak om å gjennomføre ei ny geologisk undersøking av rasfaren i Prestemarka før ein finansierer tiltak.

Etter innhenting av pris og uttale frå NGI om nytte av slik undersøking vart det i sak KS-039/14 gjort følgjande vedtak:

«

Med bakgrunn i uttale frå NGI vert ny geologisk undersøking ikkje utarbeid. Kommunen legg til grunn at området er trygt i høve til krav i plan- og bygningslova.

«

Med bakgrunn i dette vert prosjektet avslutta.

Restløyving bruk av lån er på kr. 3,7 mill., jamfør vedlagt reikneskap.

ØKONOMI

Vedteken ramme:	kr. 16 000 000	KS-sak: 140/06
Kalkyle etter tilbodsrunder:	:	
Evt. Justert ramme:		KS-sak:
Endelegge kostnader	kr. 310 000 ✓	
Evt oppfinansiering		

09.05.2014

Elin Leikanger
Elin Leikanger
prosjektansvarleg

Einar Hessevik
Einar Hessevik
prosjektleder



	Rekneskap pr. 30.04.14	Årsbudsjett
Prosjekt: 4714 Rassikring Prestemarka		
Art: 32700 KONSULENTTENESTE	195 482,48	-
Art: 32770 EGEN KONSULENTTENESTE	64 604,00	-
Art: 33510 TENESTER FRÅ ANDRE KOMMUNAR	1 105,00	-
Art: 34000 BYGG OG ANLEGG	-	12 800 000
Art: 34990 MOMS	48 870,62	3 200 000
Sum utgifter	310 062,10	16 000 000,00
Inntekter		
Art: 37010 STATSTILSKOT	-	-12 000 000
Art: 39100 BRUK AV LÅN	-300 062,10	-300 000
Art: 39480 BRUK AV UBUNDNE INVESTERINGSFON	-10 000,00	-
	-310 062,10	-12 300 000,00
TOTALT	-	3 700 000

Totalløyving på kr 16,0 mill. Finansiert med kr 12,0 mill i tilskot og kr 4,0 mill i bruk av lån. Restløyving bruk av lån er på kr 3,7 mill.

Attestert 23.05.2014

Kari Rime Solheim
Kommunerevisjonen
i Nordfjord

34/14 OPPFØLGINGSLISTE 3-2014 EID

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	34/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 3-2014 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 3-2014 Eid vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2014 EID

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 5. juni 2014.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker frå siste møte vert ført på lista og står som informasjon til neste møte.

Oppfølgingsliste 3-2014 - Eid.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	23.11.10		23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
036/12 Tinging av prosjekt «Drift og vedlikehald av bygningar»	11.09.12		Vedtak. - Tingingsdokument for forvaltningsprosjektet «Drift og vedlikehald av bygningar» vert godkjent. - Tingingsdokument vert sendt Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering. 12.09.12 Tinging sendt KIN
048/12 Masseuttak eid kommune.	27.11.12		27.11.12: Vedtak KU: Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012. - Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket. 29.11.12 Brev til Eid kommune 03.01.13 Svarbrev frå Eid kommune.
004/13 Masseuttak Eid kommune.	27.02.13		27.02.13 Vedtak KU: Kontrollutvalet tek orientering til vitande. Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013. 31.05.13 E-post sendt. 13.06.13 E-post sendt.
024/13 Orientering – Masseuttak Eid.	10.06.13		10.06.13 Vedtak KU – Utsett til neste møte. 13.06.13 E-post til Eid kommune.
036/13 Masseuttak Eid kommune	10.09.13		10.09.13 Vedtak KU – Orienteringa vert teken til vitande. - Saka blir fulgt opp i løpet av våren 2014.
06/14 Nettbrett til kontrollutvalet i Eid.	28.01.14		Vedtak: Kontrollutvalet får tildelt 3 nettbrett som vert finansiert via disposisjonsfondet. Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruknettbrett. 28.01.2014 Saka sendt til Eid kommune 27.03.2014 Handsama i kommunestyret 11.04.2014 e-post til Eid kommune 16.04.2014 e-post til Eid kommune
08/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt	28.01.14		Vedtak: Tingingsdokument for Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Oppfølging av

[illegible]

35/14 EVENTUELT

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Eid	12.6.2014	35/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.